



ÅRSPLAN 2022/2023



**ROM FOR ALLE OG
BLIKK FOR DEN
ENKELTE**

Årsplanen er godkjent i SU 18.10.2022

**BJØRN
FJØRDEN**



KOMMUNE

Innhald

Kort presentasjon av barnehagen
Barnehagen sine styringsdokument
Verdiar i Bjørnafjorden kommune.....
Omsorg, leik, danning og læring.....
Satsingsområder i dei kommunale barnehagane
Dei sju fagområda.....
Barn si medverknad.....
Planlegging, vurdering og dokumentasjon.....
Overgangar.....
Foreldresamarbeid
Samarbeidspartnarar.....
Pedagogisk årshjul.....

Kort presentasjon av Trollskogen barnehage:

Trollskogen barnehage ligg i bygda Fusa. Me har ein flott utsikt over Fusa fjorden. I vårt nærområde er det skog, sjø, fjell, skule og butikk. Dette er noko me nyttar oss flittig av.

I dag har Trollskogen barnehage 2 avdelingar: Småtroll med 9 barn i alderen 0-3 år, og Roto som har 16 barn i alderen 2-6 år.

På Småtroll er det spesielt lagt til rette for dei aller yngste borna. Hovudfokuset er naturlegvis primærbehov som tryggheit og omsorg, samt pedagogisk arbeid retta mot aldersgruppa. Roto legg til rette for pedagogisk arbeid med dei eldste barna. To dagar i veka deler me barna inn i aldersdelte grupper. Det vert då fokus på 5 åringane i den eldste gruppa, der dei jobbar med mellom anna overgang barnehage og skule. I Lykketrolla er 3 og 4 åringane. Dei har pedagogisk arbeid retta inn mot si aldersgruppe og jobbar mykje med sosial kompetanse.



Barnehagen sitt overordna mål er å **spre glede**. Dette kjem til syne gjennom:

- Trygge, glade barn som føler seg inkludert
- Barnet kjenner tilhørsle
- Barnet sin sosiale kompetanse
- Gjere barna sjølvstendige
- Meistringskjensle og meistringsglede
- Bygge vennskap
- Empati
- Nulltoleranse for mobbing og krenkingar
- Vaksne som støttar opp under den nysgjerrigheita og utforsking borna har

Dei vaksne i Trollskogen barnehage legg vekt på gode relasjonar, grensesetjing og varme. Borna lærer korleis dei skal opptre i samhandling med andre. Dei siste to åra har barnehagen saman med Høgskulen Vestland hatt eit utviklingsprosjekt som har heva kompetansen kring voksenrollen med fokus på uteleiken.

Personalelet i Trollskogen barnehage jobbar med å skape gode, faste rutinar som er kjent for borna. Dette saman med å vere stabile og gode rollemodellar for borna, gjer at me får trygge og harmoniske barn.

Leiken i seg sjølv er ein viktig del av kvardagen til barna, me nyttar mykje stasjonsleik og leikegrupper. Til dette arbeidet legg me vekt på barns medverknad – kva barna ønskjer leiken skal innehalda. Vaksne er viktige medspelarar og rollemodellar, og vår oppgåve er å skape gode rammer og gi leiken tid og rom, slik at gode relasjonar og vennskap oppstår.

Me nyttar naturen som læringsarena. Den gir oss rike moglegheiter til både læring og utvikling, og skaper gode opplevingar for både barn og vaksne. Me går turar i nærområdet, og nyttar også skogen mykje.



Samlingsstunda er ein viktig læringsarena for sosial utvikling. I Trollskogen barnehage har me samlingsstund kvar dag. Dei yngste born lærer gjennom samspel med andre, dette gjer barnehagen til ein viktig arena for sosial utvikling og sosial læring. Leiken er viktig i dette arbeidet. Me nyttar også Pinnsvin og Kanin frå Linda Palm sitt pedagogiske materiell «Venner». På Roto jobbar ein med det pedagogiske opplegget «Være sammen» (I. Størksen og P. Roland), der me øver på å setje ord på følelsar, regulere følelsar og korleis me skal vere mot kvarandre. Personalelet i Trollskogen barnehage set ord på og anerkjenner følelsane, og hjelper borna ved hjelp av trøyst, spegling, validering og refleksjon rundt følelsane og situasjonen.



Barnehagen sine styringsdokument:


- Lov om barnehagar med føringar for drift av barnehagen.
- Rammeplan for barnehagar med retningsliner for verdigrunnlag, innhald og oppgåvene til barnehagen.
- Lokale styringsdokument som gjeld barnehage.
- FN's Barnekonvensjon
- Forskrift om miljøretta helsevern
- Overgangsplan
- Vedtekter for dei kommunale barnehagane i Bjørnafjorden kommune
- Månadsplan
- Kompetanseplan for tilsette



Verdiar i Bjørnafjorden kommune:

- Me lyttar med respekt
- Me finn smarte løysingar
- Me gjer det me seier
- Me er inkluderande

På pauserommet er det oppslag over kva personalet i Trollskogen barnehage legg i dei ulike verdiene.



Omsorg, leik, danning og læring

Innhaldet i barnehagen skal vere allsidig, variert og tilpassa enkeltbarnet og barnegruppa. I barnehagen skal barna få leike og utfalte skaparglede, undring og utforskartrong. Ein skal sjå arbeidet med omsorg, danning, leik, læring, sosial kompetanse og kommunikasjon og språk i samanheng og samla bidra til den allsidige utviklinga til barna. (Rammeplanen 2017)

I Trollskogen barnehage kjem dette til syne slik:

Omsorg: Ulike menneske har ulike behov. Slik er det også med omsorg. For personalet er det derfor viktig å lære borna å kjenne på ordentleg. Slik kan me møte kvart enkelt barn med deira behov for å oppleve trygghet. Først når dette ligg i botn kan borna utvikle seg og lære. Omsorg kan borna oppleve i ulike rutinestasjonar, som til dømes stellesituasjonen, men det kan også vere ein klem, eit smil eller eit fang å sitje på. I alt dette er det viktig å vere til stades – både fysisk og mentalt. Personalet jobbar med å lære borna å vere omsorgsfulle mot kvarandre og dei rundt seg. Me framsnakkar når borna gir omsorg til andre. I Trollskogen tek me imot barna i garderoben når dei kjem om morgonen og møter dei med deira behov. Me har jamleg kontakt med foreldre/føresette i hente og bringe-situasjonen og me har lav terskel for å ringe foreldre/føresette om det skulle vera noko. Barnehagen brukar også Mykid til blant anna informasjonsutveksling.



Leik: er barn sin hovedaktivitet, og det er dette dei ønskjer å gjøre mest av. Leiken utviklar t.d empati, det å sjå saker frå fleire sider, motorikk, sosial samhandling og samarbeid, korleis få venner, korleis halde på venner, språk, korleis planlegg og inkludere, god konflikthandtering m.m. Personalet er aktive og engasjerte for å blant anna hindre at leiken kan føre til eksklusjon og negative konfliktar. Me i Trollskogen barnehage gleda oss over leiken, og legg til rette for leik ved å gi barna tid og me lagar gode leikemiljø som inspirerer. Personalet lar barna få utfalda seg og vere kreative. Dei vaksne er tett på, set i gang leik, deltek og skjermar leiken. Me nyttar mindre leikegrupper som metode for å styrke leikekompetanse og relasjonar. Bildetavle vert brukt aktivt i frileik, blant anna for å skjerme barn og legge til rette for best mogleg leik og gode opplevelingar. Me er på golvet – der borna er, og er gode førebilete i leiken.



Danning: Trollskogen barnehage er ein danningsarena for dei barna som går hos oss. Her dannar dei deler av personlegheten sin i nokre av dei mest avgjerande periodane i eit menneske sitt liv. Noko me tek på største alvor. Personalet ønskjer å gi barna eit grunnlag til å meistre livet sitt, kunne ta sjølvstendige val til det beste for seg sjølv og dei rundt seg, og kunne regulere førelsar og åtferd på ein hensiktsmessig måte.

I Trollskogen barnehage ønskjer me at alle skal føle tilhørsle og tillit. Dette gjer me ved å kvar dag vise glede over at akkurat DU kom til barnehagen og er ein del av vårt fellesskap. Me set det å bli kjent med eigne førelsar og korleis handtere dei i system. Dette er viktig kunnskap for å kunne orientere seg i eigne og andre sine reaksjonar og åtferd. Me framsnakkar det å hjelpe andre og å bidra som ein positiv verdi.

Det aller viktigaste er korleis personalet kvar dag, i alle situasjonar, møter barnet. Dette gjeld ord, haldningar og særleg kroppsspråk. Barn les kroppsspråket vårt betre enn dei orda som vert sagt, og kroppsspråket vårt kan avsløre haldningar. I Trollskogen barnehage likar me alle barn, me gleder oss til dei kjem, me gleda oss i lag med dei når dei opplever positive ting og me hjelper dei når det treng hjelp om noko er vanskeleg.

Barnehagen har god kvalitet på dei pedagogiske opplegga. Dette skapar gode danningsprosessar som set barnet i stand til å handtere livet ved å utvikle evna til å være prøvande og nysgjerrig på omverda, og sjå på seg sjølv som eit verdifullt medlem av eit større fellesskap. Dette kjem til syne ved vaksne som er tett på barna, er gode forbilde og gir barna kunnskap.

Læring: skjer kontinuerleg gjennom alt borna opplever, erfarer og er vitne til. Borna er også gode bidragsytarar til eiga og andre si læring. Me skil mellom formell og uformell læring. Dei formelle er dei tilrettelagte læringssituasjonane som samlingsstunder, gruppeaktivitetar og lesestunder. Dei uformelle er til dømes det som skjer i rutinesituasjonar og leik.

I Trollskogen barnehage nyttar me oss blant anna av det Tholin kallar «død-mus pedagogikk». Det vil seie at me legg barnet sitt perspektiv til grunn for arbeidet vårt. Personalet er observante for borna sine interesser og stoppar opp og undrar seg saman. Me ønskjer å vere tilsette som lar oss rive med av det som skjer i øyeblikket og bygger på «her og no situasjonane». Me prioriterer innspel frå borna enten me er på tur eller har organisert aktivitet. Dette vil seie at aktivitetane er på borna sine premissar og at prosessen er viktigast. Me byggjer vidare på dette og skapar gode læringssituasjonar.



Satsingsområde i dei kommunale barnehagane:

Livsmeistring:

Barnehagen skal ha ein helsefremjande og førebyggande funksjon og bidra til å jamne ut sosiale forskjellar. Barnas fysiske og psykiske helse skal fremjast i barnehagen. Om eit barn opplever å bli krenkt eller mobba, må barnehagen handtere det, stoppe det og følgje det opp. (Rammeplanen 2017)

Dei kommunale barnehagane i Bjørnefjorden kommune har kompetansehevingsplan for arbeid med psykososialt barnehagemiljø. Dette arbeidet går over perioden 2020 – 2022.

I Trollskogen barnehage jobbar me for eit **trygt og inkluderande barnehagemiljø**. Dette gjer me blant anna gjennom følgjande:

- Borna opplever glede og meistring slik at dei utviklar eit positivt sjølvbilete
- Borna skal oppleve trygghet og tru på eiga evne til å meistre.
- Borna skal oppleve å bli lytta til, at innspel og uttrykk vert tatt på alvor og at dei får den støtta dei treng
- Personala tek imot borna i garderoben om morgonen og tek avskjed på ein god måte med tilbakemelding.
- Me har gode rutinar og fast/forutsigbar dagsrytme
- Faste plassar ved bordet
- Kvart barn har sin eigen primærkontakt
- Godt foreldresamarbeid
- God informasjonsflyt
- Vaksne som er gode rollemodellar og er til stades i kvardagen
- Vaksne som gir omsorg, ser det enkelte barnet og deira behov
- Møte alle kulturar med respekt og forståing
- Fokus på vennskap (Bruker *Være sammen* og *Venner* (10 vennebøker))



Personala jobbar for å **forebygge og stoppe krenkelsar/sosiale ubalansar**. Dette kjem til syne slik:

- I Trollskogen barnehage jobbar me for å skape eit miljø som er kjenneteikna av varme, positivitet. Me set grenser for uakseptabel åtferd mot andre. Personala er tett på og rettleiar i leik og samspel med andre barn
- Dei vaksne er autoritative i form av å vere tydelege, sterke, varme, omsorgsfulle og med respekt for barnet
- Personala gir støtte til dei som treng det
- Observasjon vert nytta aktivt
- Personala er proaktiv
- Me deltek på Venneveko som er eit fast innslag i vårt årshjul.

I Trollskogen barnehage jobbar me mot å bli godkjent som ein **trafikksikker barnehage**. Me brukar då aktivt kriteria til Trygg Trafikk. Blant anna lærer borna trafikkreglar for fotgengrarar, bruk av bilbelte, sykkelhjelm og refleks, og bruk av sansane i trafikken. Me samarbeider også med foreldra for å ivareta trafikktryggleiken på blant anna parkeringsplassen og sikring i bil til og frå barnehagen. Sjå elles vårt årshjul for trafikksikringsarbeidet.



Berekraftig utvikling:

Barna skal lære å ta vare på seg sjølv, kvarandre og naturen. Barnehagen har derfor ei viktig oppgåve i å fremje verdiar, haldningar og praksis for meir berekraftige samfunn. (Rammeplanen 2017)

I Trollskogen barnehage nyttar me naturnærrområdet, skogen og sjøen, som ein arena for leik og læring. Barna får opplevelingar og blir kjent med naturen sitt mangfold. Personalaet jobbar for at borna skal få kunnskapar og haldningar som bidreg til at dei tek vare på omgjevnadane.

Me lærer også om samanhengar i naturen, slik som årstider og kretsløpet.

I Trollskogen barnehage har i samarbeid med Høgskulen Vestlandet delteke i eit utviklingsprosjekt der me har opparbeida eigen kjøkkenhage. Her har personalet og borna lagt ned mykje arbeid der me no blant anna dyrkar eigne bær og grønsaker.

Me har fokus på å ikkje forsyne oss med meir enn me klarer å ete og ikkje kaste mat. Om mat må kastast nyttar me bokashi slik at borna får kjennskap til at matrestar kan nyttast til å bli god jord.

Personalaet jobbar også med å utvikle gode haldningar til å kjeldesortere. Avdelingane har eigne bossbøtter som borna lærer seg å nytte. Me tek borna med på turar til for å kjeldesortere metall og glas, og me pantar flasker.

Borna vert oppmoda om å vise respekt for leiker og utstyr for å unngå bruk og kast haldningar.

Trollskogen barnehage er ein «papirlaus» barnehage. Alt av informasjon ut til foreldre/føresette og andre går digitalt.



Dei sju fagområda:

Barnehagen skal bidra til å etablere eit lærande fellesskap som verdsett ulike uttrykk og meininger. Barnet skal utvikle kunnskap og ferdigheter innanfor alle fagområde gjennom undring, utforsking og skapande aktivitetar. (Rammeplanen 2017)

Fagområda dekker eit vidt læringsfelt og vil ofte vere representert samstundes i all leik og aktivitet. Dei enkelte fagområda vil vera synleg i barnehagen sine planar. Barnehagedagen skal by på utfordringar og aktivitetar for alle.

I Trollskogen barnehagen jobbar me sjeldan med berre eitt fagområde om gangen. Me jobbar ofte med tema eller prosjekt der fleire fagområde er representerte. Me har også eige årshjul for realfagkompetanse (sjå vedlegg). Personale arbeider då ut frå målsetningane for dei ulike fagområda i Rammeplanen, realfagarshjulet, og etter innspel til utvikling og progresjon i prosjektet/tema-arbeidet saman med borna.

Dei sju fagområda barnehagen skal arbeide med er definert i Rammeplanen:

Kommunikasjon, språk og tekst:

I tilrettelagte situasjoner som måltid og samlingsstunder les bøker, syng, rim og regler, barna får fortelje, vaksne fortel, hører eventyr, formidlar faktakunnskap og me brukar av konkretar for å tydeleggjera/visualisera og støtte opp rundt språket. ASK (Alternativ Supplerande Kommunikasjon) er synleg for heile barnegruppa, men vert særskilt nytta for born med utfordringar.

Kropp, rørsle, mat, helse:

Me bevisstgjer barna på ulike kroppsdelar i spontane og tilrettelagte situasjoner (ta på tærne osv). Personale lar barna få prøve og feile ved på- og avkleding.

Barnehagen nyttar naturen så ofte me kan og lar barna få gå sjølv, bevege seg ute både på uteleikeplassen og i nærområdet. Vinterhalvåret nyttar me ski, akebrett og har elles vinteraktivitetar.

Kvilestund og yoga er innslag i barnehagen om barnegruppa treng det. Då spenner me av muskulatur og får harmoniske barn og vaksne.

Me tilbyr barna sunne måltid, bakar, lagar varmlunsj og me har fruktmåltid kvar dag. Måltida er til faste tider.

Me har eigne rutinar for handvask og personleg hygiene. I pedagogiske opplegg med borna nyttar me førstehjelpsdukka Henry.

5 åringane deltek på vann tilvenning i sjø.



Kunst, kultur og kreativitet:

Tilrettelagte aktivitetar som maling, teikning, fargelegging, formingsaktivitetar er viktig i barnehagen. Dei eldste barna har lagar teaterstykke/skodespel som dei viser for dei yngre/personale. Me syng, spelar instrument og musikk kvar dag. Kvar månad har me fellessamling med heile barnehagen der me har fokus på tema, merkedagar og høgtider.

Natur, miljø og teknologi:

I Trollskogen barnehage er me mykje ute og me nyttar nærområda til turar. Me har stort fokus på berekraftig utvikling og brukar bokashi. Realfagshjulet er utgangspunkt for mykje av arbeidet på dette fagområdet. Til dømes tar me ut bjørkesevje tidleg om våren og bakar lefser med poteter frå eigen hage.

Borna får kjennskap til teknologi gjennom bruk av I-pad, smart-telefon og smartboard. Me har også kjøpt vårt eige digitalt mikroskop som er ofte i bruk for å studere til dømes insekt.

Mengd, rom og form:

Gjennom frileik og tilrettelagte aktivitetar får borna kjennskap til mengd rom og form. Til dømes tel borna kor mange som er kome til barnehagen, sorterer leiker og ryddar. Personalelet gjer borna kjennskap til relevante omgrep som hjørne, kantar, fargar, preposisjonar, mengd og storleikar.

Etikk, religion og filosofi:

Barna tenker, lurer på ting og filosoferer både i tilrettelagte aktivitetar og i frileiken. Personalelet er gode på å følgje opp dette. I Trollskogen barnehage lærer borna om ulike tradisjonar knyta til høgtider og merkedagar. I relasjonsbygging har me fokus på korleis ein skal omgå kvarandre, vise respekt og handtere kjensler.

Nærmiljø og samfunn:

Barnehagen har gode støttespelarar i nærmiljøet. Blant anna har Saniteten tradisjon for å koke graut til oss på nissefesten. 60+ gjengen er aktive pådrivarar for eit betre fysisk ute-miljø. Lokale bedrifter bidreg med sponsing og er alltid på tilbodssida.

5 års klubben har også eit tett samarbeid med lokalskulane.

På denne måten får borna oppleve gleda, betydninga og forpliktinga ved å vere ein del av eit fellesskap.

Kvart år markerer me sameveka og me feirar 17.mai. Her får borna kjennskap til kultur og tradisjon og nasjonale minoritetar.



Barn si medverknad:

Barnehagen skal sikre barna sin rett til medverknad ved å leggje til rette for og oppmuntre til at barna kan få gitt uttrykk for kva dei synest om den daglege verksemda i barnehagen. Alle barna skal kunne erfare å få påverke det som skjer i barnehagen. (Rammeplanen 2017)

Å medverke i eige kvardag er med på å skape mening og engasjement. Medverknad kan vere så mangt. I Trollskogen barnehage kjem dette til syne gjennom vaksne som lyttar til det barna er oppteken av, kva meininger dei uttrykker og kva dei ynskjer i barnehagen. Personalalet anerkjenner ønsker og behov, men er sjølvsgart ansvarlege omsorgspersonar og tar avgjerd om korleis støtte opp om innspelet.

Barna får også gjere demokratiske val. Til dømes kvar me skal gå på tur, kva me skal ha til varm lunsj og leikeaktivitetar. Eit anna døme er då me skulle avgjere kva logo barnehagen skulle ha. Då fekk alle stemme; borna, foreldra og dei tilsette. Personalalet legg også til rette for at borna kan ta gode val til dømes i garderobesituasjonen og ved måltidet.

Personalalet nyttar observasjon aktivt for å sjå kva borna er oppteken av i leik og samtale. Dette nyttar me som inspirasjon når me planlegg tilbodet.

Me ser det som viktig at alle får lik mulighet til å medverke. Personalalet er særleg observant på at nokre barn er tydelege og seier klart i frå, medan andre er meir stille. Då går me aktivt inn og undersøkje kva desse stille borna har av ønsker og behov.

Observasjon og tolking er viktige arbeidsverktøy spesielt for dei yngste borna. Eit barn på 1 år gir til dømes beskjed når det er trøtt, ved å grine, leggje seg ned, bli stille etc. Då er det viktig at me kjenner barnet nok til å signala og forstår den nonverbale kommunikasjonen godt nok, slik at vi forstår det barnet seier. Så må vi også kunne aggere hensiktsmessig på denne kommunikasjonen. Slik kan personalalet også legge til rette for at denne gruppa får medverke.



Planlegging, vurdering og dokumentasjon:

I Trollskogen barnehage kjem dette til syne slik:

Planlegging:

Barnehagen skal vere ei pedagogisk verksemد som skal planleggjast og vurderast. Planlegginga synleggjer korleis barnehagen tolkar og realiserer rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

Me har fem planleggingsdagar og ti møter i løpet at barnehageåret der heile personalgruppa er med. Her legg me føringar for vårt pedagogiske arbeid. Dei pedagogiske leiarane og styrar har møte ein gong i veka, der me diskuterer alle saker som har betydning for det pedagogiske tilbodet som barnehagen gir. Avdelingane har møter annakvar veke der ein planlegg, vurderer og dokumenterer arbeidet på avdelinga og for det enkelte barnet.

Alle barnehagelærarar har 4 timer i veka (i 100% stilling) som vert brukt til planlegging, dokumentasjon og vurdering/etterarbeid. Fagarbeidarar/assistentar får også tid til planlegging og førebuing til samlingar og pedagogiske opplegg ca ein gong i månaden.

Avdelingane utarbeider eigne planar som er knyta opp mot barnehagen sin årsplan og dei ulike årshjula (sjå vedlegg). Samtidig er det viktig for oss og vere fleksible og spontane. Me legg stor vekt på å gripe fatt i borna sine initiativ, ønsker og innspel.

Gjennom foreldremøte, foreldresamtaler og SU/FAU får foreldra også moglegheit til å delta i planlegginga. Via foreldra si eiga Facebook gruppe har FAU representantane blant anna meiningsmålinger og avstemmingar.

Planlegginga tar utgangspunkt i personalet sin kunnskap om enkeltbarnet og gruppa sin trivsel og utvikling. Me tek også omsyn til systematisk dokumentasjon, observasjon, vurdering og refleksjon frå tidlegare arbeid.

Vurdering:

Barnehagen skal regelmessig vurdere det pedagogiske arbeidet. Hovudmålet er å sikre at alle barn får eit tilbod som er i tråd med barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

Personalet i Trollskogen barnehage jobbar kontinuerleg med vurdering, refleksjon og tolking i det daglege. Me vurderer også i dei ulike møtearenaene me har i barnehagen (sjå under *planlegging*). Vårt vurderingsarbeid baserer me på tilbakemeldingar frå barn og foreldre, observasjonar og dokumentasjonsarbeid samt refleksjonar i personalgruppa. Vurderingsarbeidet er ei bevisstgjering som er med på å vidareutvikle barnehagen og gjer oss betre i stand til å vere meir lydhøyre for borna sine ønsker, behov, trivsel og utvikling. Desse bevisstgjeringsprosessane er til god hjelp når ein skal kartlegge framgang og utfordringar. Arbeidet er eit utgangspunkt for vidare planlegging og gjennomføring slik at me kan legge til rette for eit godt pedagogisk opplegg og nye gode årsplanar.

Styrar og pedagogiske leiarar gjennomfører også rettleiing og medarbeidarsamtalar med personalet i løpet av året slik at me kan utnytte kompetanse og interesser på best mogleg måte.

Kvart år gjennomfører pedagogane to foreldresamtalar/utviklingssamtalar. I tillegg deltek foreldra i ei anonym foreldreundersøking i regi av UDIR. Elles er foreldra sine tilbakemeldingar i det daglege og via foreldrekontaktane viktige i vårt arbeid mot å leverer treffsikre tenester. Ut frå foreldra sine tilbakemeldingar justerer me arbeidet vårt og utarbeider nye utviklingsmål.

Dokumentasjon:

Dokumentasjon av personalet sitt arbeid synleggjer korleis personalet arbeider med å oppfylle krava i barnehagelova og rammeplanen. (Rammeplanen 2017)

Observasjon er ein arbeidsmetode som me blant anna nytta for å finne ut kva tema eller strategiar me skal jobbe med, men også for å sjå om me når måla me har sett oss. Personalet nytta også «Alle med» som eit kartleggingsverktøy. Denne vert fylt ut to gonger i året og er utgangspunkt for utviklingsamtalane med foreldra. I forkant av utfylling av skjema får personalet trening i å skrive praksisforteljingar, refleksjonsnotat og observasjonar. Hensikten med denne pedagogiske dokumentasjonen er å kunne dokumentere overfor foreldra kva me gjer i barnehagen og kva me oppnår i arbeidet vårt med borna. Personalet utviklar også sin kompetanse på kvart enkelt barn og ut frå dette kan ein vurdere kva som må jobbast vidare med. Samtidig som det set i gang refleksjon rundt våre arbeidsmetodar.

Vekeplanar (på Mykid) dokumenterer detaljar om barnehagen og den einskilde avdeling sitt daglege innhald. Pedagogiske opplegg og andre aktivitetar vert dokumentert for kvart enkelt barn på eigne lister på Mykid i tillegg til bilder og notat om «dagen i dag». Dette er noko personalet set av tid til kvar dag. Personalet oppmuntrar foreldra til å snakke saman med borna om det står som på Mykid og kva bilda viser.

I løpet av året har me også samankomster der både foreldre/føresette og andre inviterte får komme å ta del i noko av det barna lærer og opplever i Trollskogen barnehage. Det kan vere utstilling av små kunstverk, sal av produkt borna har laga, song og musikk osv. I tillegg lagar personalet kvart år ein teikneperm som inneheld borna sine kunstverk.

Me dokumenterer også arbeidet vårt på sosiale media. Gjennom både oppslag på Facebook-sida vår og reportasjar i lokalavisa kan lokalbefolkinga og andre interesserte lese om arbeidet vårt.

Os&Fusaposten

MENY



På undersøking: På legekontoret har "lege" Thea Grindheim Kvåle fått besøk av "pasienten Sara Helland Holmefjord". Foto: Privat

**I denne barnehagen
har dei både legesenter
og butikk**



Mest nøgde: Ingen kommunale barnehagar skårer like høgt som denne barnehagen i Fusa. Foto: Liv Berit Kallekleiv

**Gode resultat i nasjonal
undersøking: Denne
barnehagen er heilt på
topp**

- Slik kjem barnehagane i Bjørnafjorden ut i nasjonal foreldreundersøking.

Overgangar:

Barnehagen skal i samarbeid med foreldra leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god start i barnehagen. Ved overgangar innad i barnehagen skal personalet sørge for at barnet og foreldra får tid og rom til å bli kjent med andre barn og anna personalet. Ved overgang til skulen skal barnehagen i samarbeid med foreldra og skulen leggje til rette for at barnet kan få ein trygg og god overgang frå barnehage til skule, og eventuelt til skulefritidsordninga. (Rammeplanen 2017)

Bjørnafjorden kommune har ein felles plan som skal sikra gode overgangar.

Tilvenning i Trollskogen barnehage:

- Besøksdag i god tid før oppstart
- Brev og eige hefte med god informasjon, tips og råd ang tilvenninga
- Primærkontakt for å ha ein trygg base og få tilknytningspersonar i starten.
- God kommunikasjon med foreldra under tilvenninga, sender bilder og sms første dagane barnet er aleine.
- God tid til tilvenninga. Tryggheit og omsorg er viktig.
- Oppstartsamtale etter nokre veker.

Overgangar internt i Trollskogen barnehage:

- Leik saman ute på ettermiddagen.
- Turar saman
- Leik/deltaking på gruppa dei skal bli ein del av
- Overføringssamtale mellom pedagogiske leiarar
- Brev til foreldre/føresette med informasjon frå ny avdeling

Overgang Trollskogen barnehage – skule:

Skulestartarane ved Trollskogen barnehage og 1.klasse ved Fusa skule har eit tett samarbeid. Me har eit årshjul med treffpunkt ca 1 gang i månaden anten i barnehagen, i klasserommet, i gymsalen, på uteleikeplassen eller på tur. Når det nærmar seg skulestart har me og tradisjon for å møte og bli kjent med fadderklassen.

Når me treffest har me fokus på det sosiale - me leikar og har det kjekt saman. Samstundes blir barna kjent og trygge i klasserommet og på skuleområdet, og skulebarna syns det er stas å få komme tilbake i barnehagen.



Foreldresamarbeid:

Barnehagen skal i samarbeid og forståing med heimen vareta barnas behov for omsorg og leik og fremje læring og danning som grunnlag for allsidig utvikling. Samarbeidet mellom heimen og barnehagen skal alltid ha barnets beste som mål. Foreldra og barnehagepersonalet har eit felles ansvar for at barnet skal trivast og utvikle seg. (Rammeplanen 2017)

I Trollskogen barnehage kjem dette til syne gjennom:

- Dagleg kontakt i garderoben både ved levering og henting
- Informasjon, dagsplaner, dagen i dag, bilder osv på Mykid.
- Foreldresamtaler 2 gonger i året.
- Foreldremøter 2 gonger i året.
- Brukarundersøking kvart år
- SU møter vår og haust. Og elles ved behov.

Foreldreråd (FAU) og Samarbeidsutvalet (SU)

Alle barnehagar skal ha eit foreldreråd og eit samarbeidsutval (SU). I Trollskogen barnehage vert det valt ein foreldrekontakt på kvar avdeling. Dette vert gjort på foreldremøtet om hausten.

I Trollskogen barnehage har me fyljande informasjonskanalar:

MyKid (Månadsplanar, informasjon, dagen i dag, bilder osv)

Facebook side

Foreldra har eigen facebookgruppe

Heimeside <https://trollskogenfusa-barnehage.no/>



Samarbeidspartnalar:

Helsestasjonen:

Helsestasjonen kan gje råd og rettleiing til personalet i barnehagen ved behov.

Pedagog-psykologisk Tenestekontor (PPT):

Dersom barnehagen ønskjer hjelp til einskildbarn i barnehagen, må foreldra samtykke til det. Foreldra kan også sjølv ta kontakt med PPT på eige initiativ. Dersom eit barn får spesialpedagogisk hjelp er det spesialpedagogar frå Fagsenteret som utøver hjelpa.

Barneverntenesta:

Barnevernstenesta kan vera ein god støttespelar i vanskelege situasjonar. Barnehagen vil alltid vera i dialog med foreldra og tek aldri kontakt med tenesta utan å informera foreldra først.

Barnevernstenesta gir råd og rettleiing til barnehagetilsette innan ulike tema. Alle tilsette i barnehage har opplysningsplikt til barnevernet etter §46 i barnevernslova når det er mistanke om omsorgssvikt.

Ressursteam:

Representantar frå helsestasjonen, PPT og barnevernstenesta har faste møte med styrar og/eller pedagogiske leiarar i kvar barnehage. Med samtykke frå føresette kan ressursteamet delta i felles refleksjon, observasjon av samspel, leik og samhandling og liknande knytt til det einskilde barnet.

Andre samarbeidspartnalar:

- Skular i nærområdet
- Andre barnehagar
- 60+ gjengen (pensionistar i bygda)
- Lokale foreiningar t.d Fusa Sanitetsforeining
- Lokale bedrifter
- NAV
- Stat.ped
- HABU
- Autismeteam
- Fysioterapeut
- Ergoterapeut
- Lege



Pedagogisk årshjul for Trollskogen barnehage 2022/2023

<p>AUGUST</p> <p>Tema: Tilvenning av nye barn Være sammen: eg skal vere meg, men gi plass til andre. Venner: Spre glede Realfag: Tal</p> <p>12. og 15. Planleggingsdagar</p>	<p>SEPTEMBER</p> <p>Tema: Meg og familien min Være sammen: Bry meg om ein annan og hjelpe når eg kan. Venner: Spre glede Realfag: Tal Vanntilvenning i sjø for 5 åringane Veke 36: Trafikksikkerhet Veke 38: Brannvernveka Oppstartsamtaler Foreldremøte</p>	<p>OKTOBER</p> <p>Tema: Haust Være sammen: Kva vil du eg skal gjere? Når eg er sint. Venner: Seie stopp Realfag: Kropp og helse Vanntilvenning i sjø for 5 åringane Haustfest</p> <p>Veke 41 Skulen har haustferie</p>
<p>NOVEMBER</p> <p>Tema: Vinter/ advent og jul Være sammen: Utagerande åtferd Venner: Vente på tur Realfag: Fysikk</p> <p>Veke 47: Venneveko</p> <p>4. planleggingsdag</p>	<p>DESEMBER</p> <p>Tema: Advent og jul Realfag: Rom og form</p> <p>Raud dag 13. Lucia Julebord</p> <p>Veke 52 Juleferie. Bhg stengt</p>	<p>JANUAR</p> <p>Tema: Vinter Være sammen: Innagerande åtferd. Grenser. Venner: Dele Realfag: Teknologi Veke 2: Trafikksikkerhet</p> <p>2. Planleggingsdag</p>
<p>FEBRUAR</p> <p>Tema: Vinter Være sammen: Utestenging. Sterke kjensler og språk Venner: Seie unnskyld Realfag: Vatn</p> <p>Veke 5: Sameveka Fastelavns feiring Karneval Veke 9 Skulen har vinterferie</p>	<p>MARS</p> <p>Tema: Påske Være sammen: Det beste eg veit. Å knytte seg til andre. Venner: Samarbeide Realfag: Måling</p> <p>Påskelunsj Markere barnehagedagen</p> <p>Veke 14 Påskeferie, bhg stengt</p>	<p>APRIL</p> <p>Tema: Vår Være sammen: Å bli sett av andre. Å dele Venner: Vise kjensler Realfag: Biologi</p> <p>Veke 16: Trafikksikkerhet Foreldresamtalar</p>
<p>MAI</p> <p>Tema: 17. mai, Vår Være sammen: Turtaking. Vi er ulike. Venner: Bli einige Realfag: Mangfald i naturen 16.mai: Royal dag 1. mai bhg. Stengt 17. mai bhg. stengt 18. mai- bhg. stengt 19. Planleggingsdag 2. pinsedag 29. mai- bhg. stengt</p>	<p>JUNI</p> <p>Tema: Sommar Være sammen: Skuleførebuing. Framtidsdraumar. Realfag: Mangfald i naturen</p> <p>Besøksdag for nye barn. Tilvenning/ overgang frå liten til stor avdeling. Sommarfest</p>	<p>JULI</p> <p>Ferieavvikling.</p> <p>Trollskogen bhg stengt veke 27, 28, 29 og 30. Jettegryto har tilbod i veke 27 og 28. Påmelding.</p>

Årshjul trafikktryggleik:

Haust:

- Lukk porten
- Refleks og refleksvest
- Trygt eller farleg på parkeringsplassen
- Bilbelte
- Gå langs veg med fortau
- Sansar i trafikken

Vinter:

- Krysse gangfelt (med snø)
- Krysse veg utan gangfelt
- Gå langs veg; brøytebil
- Sansar og syn om vinteren (brøytekantar)

Vår/sommar:

- Gå langs veg utan fortau
- Trafikkskilt
- Sykkelhjelm
- Sansar i trafikken

Etter inspirasjon frå årshjulet til Barnas trafikklubb

[Årshjulet - Barnas Trafikklubb](#) På denne sida ligg det inspirasjon til oppgåver.



Årshjul realfag:

